

VIKE SOKN

ÅRSMELDING FOR 2018

Soknerådet har vore samansett slik:

Faste medlemmer: Liv Gunn Gisnås leiar og repr. i Fellesrådet
Anne-Karin W. Gallagher, nestleiar
Kari Legernes, skrivar
Liv Randi S. Balstad, styremedlem
Bjarne Leikarnes styremedlem og repr. i Fellesrådet
Martin Balstad, styremedlem (permisjon frå august 2018 til juni 2019)

Varamedlemmer: Ann-Kathrin Hjelvik, 1. vara (fast medlem frå august), vara i Fellesrådet
Björg Gjermundnes, varamedlem (1.vara frå august og møter fast)
Brit Leikarnes, varamedlem
Olha Lyakhovyn, varamedlem, kasserar og vara i Fellesrådet
Irene Vike, varamedlem

Øyvind Gundersen, vikarprest t.o.m. juni
Anders Barstad, sokneprest f.o.m. august

Diakoniutval: Kari Legernes og Olha Lyakhovyn
KN-kontakt: Liv Gunn Gisnås og Ann-Kathrin Hjelvik
Ungdomskontakt: Martin Balstad, kyrkjelydens ungdomskontakt i bispedømmet (permisjon frå 01.08.)
Arbeidsutval: Leiar, nestleiar og sokneprest.

Tilsette:

Kyrkjetenar:: Håvard Skrede
Lokal kyrkjevevje: Tormod Hoel
Sokneprestar: John Sylte, Øyvind Gundersen t.o.m. juni, Anders Barstad f.o.m. august
Trusopplærar: Ingvild Venås Sánches (sjukmeldt delar av året)
Ellen Edvardsen, vikar i vårhalvåret
Kristine Simonnes, vikar i hausthalvåret
Dagleg leiar: Olav Egil Tomren
Kantor : Sissel Schøitt t.o.m. november
Jostein Maude, f.o.m. november
Vikarorganist: Jostein Maude og Robert Sztorc
Diakon: Liv Turid Kristiseter (vikar i vårhalvåret) og Ellen Edvardsen (haust)
Klokkar: Oliver Hegdal Hoem .

PERSONALET

Inger Marie Jakobsen Sylte sa opp stillinga si på nyåret. Ho har gått over i ei stilling som prosjektprest hos biskopen. I februar vart det halde avskjedsfest for ho på kyrkjestova i Tresfjord i regi av sokneråda i Tresfjord og Vike. Alle sokneråda og fellesrådet overrekte ei gåve i lag. Stillinga vart utlyst og vikarprest Øyvind Gundersen søkte. Han tok ikkje imot stillinga og ei ny

utlysing måtte ut. Det kom 2 søkjarar. Anders Barstad fekk stillinga som sokneprest for Tresfjord og Vike.

Kantor Sissel Schiøtt gjekk av med pensjon 1. desember. Jostein Maude søkte stillinga og fekk han. Han fungerte allereie som vikarorganist og starta som kantor i oktober/november.

GUDSTENESTEUTVAL OG KYRKJEVERTAR

Gudstenesteutvalet består av prest, kantor, klokkar og 2 soknerådsmedlemmar.

Det har vore vanskeleg å få til utvalsmøte. Leiar og den nye soknepresten hadde ein gjennomgang av gudstenestelista og andre lokale arrangement i Vike i forkant av soknerådsmøtet i november.

Det har vore kyrkjevertar på dei fleste gudstenestene. Arne Balstad har dette som fast oppgåve i kyrkja. I tillegg har det vore soknerådsmedlemmar og konfirmantar.

SOKNERÅDSMØTE

Soknerådet har hatt 8 ordinære møte, og har handsama 52 saker. Møta vert haldne i kyrkjekjellaren på torsdagar frå kl. 19.00/19.30.

TRUSOPPLÆRING

Tiltaka i Topp Safari har blitt forsøkt gjennomført som før: babysong, feiring av kyrkja sin bursdag, undretur i fjøra, julespel, fisketur og hyttebygging. Tiltaka er i samarbeid med Tresfjord sokn.

Oppslutninga har vore dalande. Babysongen blei i haust slått saman med Vestnes, vi fekk ikkje til noko julespel på nyttårsfesten og fisketuren hadde heller ikkje påmeldte.

Det var eit vellykka arrangement med Tårnagentane i mars. Trusopplærar Ellen Edvardsen hadde hovudansvaret for opplegget og 8 barn deltok på gudstenesta. Tårnagentopplegget vart gjennomført i Tresfjord på torsdag i veka før gudstenesta.

Lys Vaken hadde 6 deltakarar i år, alle frå Vike. Foreldre og andre frivillige hjalp til.

Takk til alle som har vore med på gjennomføringa !

Utdeling til dåpsbarn, 2, 4 og 6 åringar, 3. og 5.klassingar har vore gjennomført som før. Vi ser ein auke i oppslutning, kanskje grunna påminning om arrangementa frå folk lokalt.

Det er framleis god oppslutning om KRIK-samlingane annakvar fredag i Vestneshallen, men oppslutninga frå Vike er dårleg.

10+ tilbodet til barn frå 5. klasse og oppover manglar leiarar på Vike og i Tresfjord. Tilbodet er slått saman med tilbodet på Vestnes.

Det er oppretta eit trusopplæringsutval med representantar frå alle sokneråda. Dette skal fungere som ei støtte for trusopplærar. Liv Randi S. Balstad er Vike sin representant.

KONFIRMANTANE

I 2018 var det 4 konfirmantar i Vike. Opplegget har vore som tidlegare år, med weekend-tur, undervisning og temadagar. Konfirmantane har delteke på sine oppgåver i kyrkjelyden og har m.a. hjulpet til under balldagen, gått med fastebøsser og stått flaggborg under 17.mai-gudstenesta.

Samtalegudstenesta og konfirmantfesten den 2. mai var gjennomført i samarbeid med Tresfjord sokneråd. Vike hadde ansvaret for koldtbordet dette året.

Konfirmasjonsgudstenesta den 10. mai var ein fin og høgtideleg festdag etter same mal som dei siste åra. Vi får gode tilbakemeldingar på gjennomføringa av konfirmasjonshandlinga.

4(5?) konfirmantar har meldt seg til konfirmasjon i 2019 og desse vart presentert under gudstenesta 2. september.

FASTEAKSJONEN

vart gjennomført 20. mars. 4 konfirmantar med foreldre og 2 soknerådsmedlemmer gjekk kvar si rode, og samla inn kr. 7 200 til Kirkens Nødhjelp.

MISJONSPROSJEKTET

Misjonsprosjektet vårt er framleis støtte til sjukehuset i Okhaldunga i Nepal, der Normisjon er med og driv. Vi har forplikta oss til å sende kr. 8 000 per år. 27. januar hadde vi besøk av Synnøve og Petter Godø på laurdagskafeen. Dei har vore i Nepal og viste bilete og fortalte frå besøket på Okhaldunga sjukehus.

FRILUFTSGUDSTENESTE

Korsstønesmessa vart gjennomført den 10. juni. Frammøtet var bra. John Sylte var prest. Det var nattverd og kyrkjekaffi. Veret var litt kjølig og deltakarane blei inviterte til ope hus hos Gisnås etterpå. Positiv mottaking!

KONSERTAR

Søndag 9. desember var det adventskonsert i Vike kyrkje. Dette året hadde vi eit rikhaldig program: Tomrefjord songlag, Fiksdal mannskor, Den lille messingfabrikken, Oliver Hegdal Hoem og Dâm og Drag. Det var fullsett kyrkje.

NYÅRSFEST

Nyårsfesten gjekk som før første søndag etter nyttår. Programmet inneheldt andakt ved John Sylte, musikkinnslag ved Stijn Berbe og Sissel Schjøtt, mat, utlodding, besøk av «dei tre vise menn» og gang rundt juletreet. Det var godt frammøte på nyårsfesten også i år, ca. 60 personar.

DUGNAD

Den årlege dugnaden på kyrkjegarden vart avvikla 24. april. Det var godt frammøte, 16 personar deltok og rydding og raking gjekk fort unna. Vi fekk servert kaffi og sveler etterpå.

DIAKONALE TILTAK I KYRKJA

Ballmiddag. Fredag 9. mars var det ballmiddag i kyrkja, eit populært arrangement. Det var ekstra mange innoom dette året, alle fekk ikkje plass i kyrkjerommet, men vi tilbaud plass i kyrkjekjellaren. Vi selde 140 porsjonar med ball. Som tidlegare fekk vi sponsa kjøttvarer frå Kløverkjøtt og poteter og grønnsaker frå Gjermundnes vgs. Vi hadde flotte gevinstar til utlodding på bøker og åresal, gitt av lokale butikkar og bedrifter, i tillegg til private givarar. Vi fekk inn kr. 49.689 brutto. Tusen takk til alle som bidrog!

Strikkekafe. Denne har vore i aktivitet også i år. Oppmøtet har variert, men 6-9 damer møter opp for å strikke og ha eit sosialt treff. I år har «strikkedamene» gått saman om å strikke babytrøyer i ull til nyfødde i Okhaldunga, Nepal, i tillegg til dokkelede til utlodding på balldagen.

Laurdagskafe: Det har vore litt varierende frammøte på laurdagskafeen. I vår kom det mange, (36 personar), da vi la han til feitetysdag og serverte graut. Elles har frammøtet ligge på 10-12 personar. I haust har det vore dårleg oppslutning. Vi er usikre på om vi skal halde fram med tiltaket.

INVESTERINGAR I KYRKJA

Fellesrådet si prioriteringsliste for investeringar i Vike kyrkje vart endra i løpet av 2018. Det viste seg at klokkene i Vike ikkje egna seg for automatisk ringing. Investering i nytt golv i våpenhus,

gangar og trapper kom i staden opp på førsteplassen. Investeringa er no vedtatt for 2019. Det skal innhentaast anbod frå minst to leverandørar.

UTSMYKKING I KYRKJA

Utsmykkingskomiteen for kyrkja vår har fått skisser på messehaket, lesepult- og preikestolklede vove i grønne fargar frå Skyttelvev i Bud, ved Bjørg Hustad. Skissene er godkjent i Fellesråd, hos prosten og biskopen og arbeidet er i gang. Prisen på dette blir kr 75 000. Dei er lova levert innan utgangen av 2019. Vi har samstundes bede om skisser på tilsvarande tekstilar i den liturgiske fargen fiolett. Desse skal vere ferdige til 50-årsjubileet for kyrkja i 2020.

Takk til alle for god innsats og fellesskap i kyrkjelyden i 2018 !

Vikebukt, 19. februar 2019

Liv G. Gisnås.